



Inspeksjonsrapport etter tilsyn med bygging av Jondalstunnelen

Verksemdas namn:	Kruse Smith Entreprenør AS	Arkivkode:	2008/12301
Postadresse:	Serviceboks 409, 4604 Kristiansand	Tidsrom for kontrollen:	17. juni 2010
Stad for tilsynet:	Nordrepollen og Torsnes	Frå verksemda:	Rolf Harkestad, Hallvor Solheim og Bjørn Velken
Organisasjonsnr:	916 050 445	Frå Fylkesmannen:	Sissel Storebø og Silje Tingstad

Samandrag

Rapporten beskriv avviket som vi fann ved kontrollen. Følgjande tema vart teken opp på kontrollen:

- Utslepp til ytre miljø og vilkår i utsleppsløyve
- Internkontroll med hovudvekt på risikovurdering og avviksbehandling
- Kjemikalie: Substitusjon og sikkerhetsdatablad
- Farleg avfall

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda under inspeksjonen.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Internkontrollen har manglar

Vi ber om at dokumentasjon på at avviket er retta blir sendt oss innan 15. oktober 2010

Dato:

Silje Tingstad
overingeniør

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

1. Innleiing

Våre tilsyn består av kontrollar og eventuelle reaksjonar. Tilsynet er knytt til forureiningsloven, produktkontrollloven og forskriftene til desse lovane. Kontroll er eit viktig miljøvernpolitisk verkemiddel. Det bidrar til å beskytte miljøet og menneske si helse, og sikre likskap for loven.

Kontroll fokuserer på å overhalde lovkrav. Rapporten beskriv eventuelle avvik og merknadar som vi fann under kontrollen. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatus ved bedrifta.

Avvik er definert som brot på krav gitt i utsleppsløyve eller gjeldande lover og forskrifter. Ein merknad er eit tilhøve som vi meiner det er rett å påpeike, men det er ikkje omfatta av definisjonen for avvik.

Dersom Fylkesmannen ikkje mottok den skriftlege tilbakemeldinga innan den fristen som er sett, kan vi fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt er fatta med heimel i forureiningsloven § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingangsgebyr eller dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteken.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>. De finn lover og forskrifter på www.lovdata.no og www.regelhjelp.no.

2. Regelverk

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd.
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11 om farlig avfall
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve datert 5. mars 2009

3. Avvik

Avvik 1: Internkontrollen har manglar

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt seks og sju

Kommentar:

Verksemda skal setje i verk rutiner for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på forureiningsloven og tilhøyrande forskrifter.

Ved tilsynet var det ikkje etablert skriftlege rutiner for å sikre god drift, kontroll og tømning av sedimentasjonsbasseng og oljeutskiljar. For å sjekke at reinseinnretningane fungerer som forventa bør det vurderast å ta representativ stikkprøve av avløpsvatnet. I sedimentasjonsbassenget på Torsnes var det sett opp ein lem der avløpsvatnet kom frå tunnelen. Det må vurderast om dette er ein funksjonell innretning i drifta av sedimentasjonsbassenget.

4. Andre forhold

Kruse Smith var engasjert som totalentreprenør i prosjektet. Ansvar for ytre miljø er tydeleg plassert hos entreprenøren i kontraktar. Inspeksjonsrapporten er derfor retta til Kruse Smith.